

Då Vinje fekk nok av storbøndene

Klaus Johan Myrvoll

Dei fagre gudbrandsdalske Gjentur
og Gutar ero af blandat Ætt,
det eg saag og høyrde.

Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870) er kjend for tvisynet sitt. Dette tvisynet, eller doble synet, hadde han på alt og alle, og endå husmannsguten Vinje nok identifiserte seg med og hadde samhug med bøndene, kunde han nytta tvisynet sitt på deim òg. Serskilt kritisk var han til bondehovdingar, som han meinte ikkje gjorde nok for å hjelpa fram opplysning og modernisering. Dette kritiske tilhøvet når høgdepunktet sitt i møtet med bondepolitikaren Ole Haagenstad (1775–1866) på Vågå i *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*. Haagenstad hadde ein framskoten plass i det norske bondearistokratiet; han hadde sete på Stortinget i ein mannsalder og skal ha vore den rikaste bonden i Gudbrandsdalen. Henrik Wergeland hadde peika ut Haagenstad til sjølvskriven hovding og skrive ein heil biografi um honom (Wergeland 1842). For Wergeland representerte Haagenstad ei ubroti lekkja attende

til den kulturelle og politiske stordomstidi åt Noreg i millom-alderen, noko han underbygde med ei ættetavla i biografien som førde ætti åt Haagenstad attende til den gamle lendmannsætti på Sandbu på Vågå.

Eg vil i dette kapitlet visa at jamvel i møtet med denne bondehovdingen fira ikkje Vinje på kravi til kunnskap og opplysning. Vinje lét seg ikkje blenda av ættearistokraten Haagenstad, men såg i staden ein stokk konservativ og stivbeint bondepolitikar utan sans for framstig og modernisering, som Vinje gjorde sitt beste for å hengja ut. Um me skal skyna kor kvass og ærleg Vinje var i dette møtet, må me granska både personen Haagenstad og den heilt sereigne bondebakgrunnen hans. Det hev ikkje vore gjort fyrr, og resepsjonen av Haagenstad-episoden i *Ferdaminni* hev gjenge i mist med sentrale element i kritikken åt Vinje. For det var ikkje berre gamaldags gardsstell og gjerugskap Vinje gjorde narr av hjå Haagenstad, men òg tanken hans um å halda ætti «rein», ein serskild bondearistokratisk *blodsreinleik* som førde til innavl. Dette er tydeleg eit hovudpoeng for Vinje, som han kjem attende til i fleire samanhengar, men på grunn av skortande innsyn i ættehistoria åt denne sereigne gudbrandsdalske «bondeadelen» hev det ikkje vorte fanga upp av den meir litterært orienterte Vinje-forskingi. Det skal denne studien bøta på.

I tidlegare vurderingar av Vinjes møte med Haagenstad hev ein stort sèt meint at Vinje dreiv det for langt. Olav Midttun skriv heilt stutt, i ein merknad til *Skrifter i samling*: «Hadde Wergeland skrive for rosande, skriv V[inje] for stridt um han» (Midttun 1920 s. 321). Den fyrste Vinje-biografen, Vetle Vislie, nøgjer seg med å visa til koss Vinjes satire vart *motteken*: «[E]g hev høyrte at mange gudbrandsdøler vart harme, av di Vinje hadde måla eit stygt rengebilete av den gamle heidersmannen på Håkonstad. Vinje visste vel at dølene dyrka bondehovdingen sin, men nettupp det eggja honom til motsegjing – det var kje 'riktig stort det store'» (Vislie 1929 s.

142). Einar Hovdhaugen skriv derimot: «Vinje og Haagenstad forstod ikkje kvarandre. Men om det er bitande ironi, noko rett hadde nok Vinje òg» (Hovdhaugen 1986 s. 107). Av desse er det Hovdhaugen som kjem nærast ei tolking av Haagenstad-episoden i *Ferdaminni*: Vinje var retorisk ironisk og sakleg kritisk på same tid, i den satiriske tradisjonen frå Horats og Juvenal. Det idealet Horats set fram i brevet um diktekunsti (*Ars poetica*), at diktaren på same tid må kunna underhalda og undervisa, høver godt på Vinje. Me skal sjå koss dette gjev seg konkret utslag i skildringi av Haagenstad, men fyrst lyt Vinjes møte med Haagenstad setjast inn i ei større samtidspolitisk råma.

Vinjes tilhøve til bondepolitikken

Som med so mykje anna var Vinjes syn på bondepolitikken skiftande. I unge år var han sers optimistisk, millom anna såg han upp til bondeføraren Ole Gabriel Ueland (1799–1870) og reiste heilt til Dalane og vitja honom på garden hans der sumaren 1846 (Vesaas 2001 s. 69). Eit umskifte kom hausten 1859, då det i valet til Stortinget kom inn fleire bønder og færre embættsmenn enn fyrr. Vinje lika ikkje «bondeparagrafen» (§ 57) i grunnlovi som fastsette at tvo tridjepartar av tingmennene skulde koma frå land-distrikti og ikkje frå byane. Vinje såg gjerne at det kom mange tingmenn frå byane, «daa der alltid er størri Opplysning i Byen en paa Landet» (*Dølen* 13. november 1859; Djupedal 1970–73, bd. 1 s. 224). Her kann ein jamføra med det Vinje segjer i innleidingsdiktet til *Ferdaminni*:

Farvel Hovudstaden:

i deg var det best:

der fann eg dei Beste,

der lærde eg mest. (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 3)

Vinje var òg kritisk til den nyskipa Reformforeningen, der medlemene skulde møta med bunde mandat på Stortinget – i *Dølen* vart no (13. november 1859) Ueland jamført med keisar Napoleon III, som hadde ført inn streng sensur av pressa. Vinje ottast at partilaging skulde hindra det frie og opplyste ordskiftet:

Vi Norske spyrja berre etter Kunnskap og Grund i ei Sak, og hava vi fengit dette, so tru vi paa Saki elder kasta hena. Og er her derfor Motmæli (Opposition) fraa nokon Kant mot ei Sak, so er det fordi dei motmælende ikki endaa hava fengit full Kunnskap og Tru til Saki. Men Kunnskap og Tru fær ingen Mann af «Klubber», for der kjem ikki fleiri Opplysningar fram en i sjølve Storthinget. (Djupedal 1970–73, bd. 1 s. 216)

For Vinje var kunnskap og opplysning viktugare enn demokratisk representasjon. Difor var han òg imot bruk av jury i straffesaker, som Reformforeningen hadde på sitt program, og han var vonbroten yver at bøndene ikkje fremja det som etter hans meining var den viktugaste saki i samtidi: målsaki.

Ferdaminni fraa Sumaren 1860

Reiseskildringi *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*, som Vinje publiserte etter å ha reist til Trondheim og vore med på kroningi av kong Karl XV i 1860, gjev eit godt inntrykk av Vinjes syn på bøndene og bondepolitikken på den tidi. Fleire stader i *Ferdaminni* kritiserer han bøndene for skort på opplysning, røyneleg kultur og daning. Talande er dømesogone hans um «Landmannen» Per og motstykket hans, Lars (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 41–49): Per er romantikar og kjøper seg gard på landet, men veit ikkje koss han skal driva honom; han riv ned dei gamle husi og byggjer nye, «nett som det skulde hava vorit til ein Herregard» (s. 41); alt skal vera fint og

flott og nytt; etter kvart set han seg i stor skuld og lyt til slutt gjeva upp garden og flytja attende til byen. Han hadde hovudet fullt av «Hyttepoesi», skriv Vinje. Lars, derimot, er bondegut og hev eit godt nok hovud, men rotar seg burt i daud bokleg lærdom (gamle lovbøker) og byrjar å føra endelause prosessar medan garden forfell.

Det er Guten sin Lars, som ikki armar seg ut til med staute Hus og gjæv Husbunad: der finnst snart ikki ein heil Stol i Huset og Bordbenken stender og ruggar paa tri Bein. [...] I Golvet er Tiljur ute imillom, so Ein seer ned i Kjellaren, og Kona maa vera paa Livet for Smaaborni sine. [...]


Det var her i Vaar eigong, at der tok Eld i Ovnspipa og brende eit stort rundt Hol i Taket, fyrr det vardt sløkt; men Holet stod og gapte like rundt og svart, daa eg var der, so eg saag beint upp i blaa Himilen fraa Krakken, der eg sat fram med Gruva. Det v[a]r no Sumars Tid, so det gjorde ikki so-mykit, meinte Lars. (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 48)

Vetle Vislie oppsummerer den bondekritiske tendensen i *Ferdaminni* godt:

Han finn mange stader eit reint paradis av latskap og fåkunne. All griseskapen i husstell, armødsdomen og alt elende kjem av fåkunne og likesæle. Han fær stadfest det han fyrr hev skrive um bonden og bondekulturen. [...]

Det er sterk tendens i «Ferdaminni», og tendensen er fyrst og fremst retta mot kaksane, som skulde ha vore fyregangsmenn kvar i si bygd. Men dei heldt på det gamaldagse stellet, og mange tenkte berre på seg sjølv og stengde seg inne attum ein mur av fordomar og fåkunne. [...]

Det er ikkje fyrst og fremst embetsstandet som ber skuldi for at det stend so dårleg til i landet med næringslivet og



Idealbonden: Halvor Botolfen Trønnes. (Teikna av Adolf Tideman / Foto: digitaltmuseum.no).

åndslivet, – det er den fåkunnige bondeopposisjonen. (Vislie 1929 s. 141–143)

Men ikkje alt i det bondesamfundet som møter Vinje, er like myrkt: Vinje lika seg godt i Øyerdalen, som han segjer «stender vist hægst af alle norske Dalar i Upplysning og god Folkeskikk» (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 56). Her finn han ein sunn kombinasjon av gammalt og nytt, tradisjonelle livsformer og nyare opplysning.

I dei rikaste Bygdarne sosom i Storelvedalen er det folkelege (nationale) so høvelegt sambundet med den nyare Opplysning og Livemaate, at det baade i Maal og annat er liksom vuksit ihop. Desse tvo Ting standa ikki og skrika ein annan i Øyro og det tidt i sama Mannen og sama Huset liksom mangestadar ikring Mjøsen og ellers paa det rike Uppland, og heller ikki stender det folkelege einstakat bland alt det Svarte og Bakvende i Gardsdrift og Livemaate sosom i dei fleste Fjølldalar og Sjøbygdar mest Vestanfjells. (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 57)

Dette gjev seg òg utslag i sjølve folkeslaget: Ei kona Vinje møter, skal ha havt slik sterk, frisk og fager skapnad at Vinje trudde han hadde mor til Goethe framfor seg. Og her i Øyterdalen møter han idealbonden sin, ein «af dei gode gamle Øyterdøler, som hadde vuksit fram, som det heiter, paa ein historisk Jordbotten med god Opplysning og eit laglegt Husstell, og Framgang i Jordbruk og kjærleg Handrekking til det gode, som vil koma fram, alt blandat med gammalt og den finaste Framferd» (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 61). Av umsyn til bonden våga ikkje Vinje seg til å namngjeva honom, men seinare gransking hev synt at han må vera Halvor Botolfsen på Nystu Trønnes (1794–1875) i Stor-Elvdal (Midttun 1966 s. 25). Trønnes hadde «alle Tidender og sjølv den store Storthingstidende, so han hadde Greide paa Landsens Styr og Stell» (Djupedal, sst.), og han hadde gjenge i brodden for å taka i bruk nye jordbruksreidskapar.

Halvor Trønnes var far til Anne, som Vinje møter att seinare på sætri, og som han skildrar i bolken «Huldra» (Midttun 1920 s. 308), og han hadde havt huslærar for borni og sendt tvo av sønene til å studera i Kristiania. Den eine av deim, Niels Halvorsen Trønnes (1821–1851), var eit flogvit som skreiv um norske stad- og folkenamn i Langes *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur* i 1847, men som diverre døydde altfor ung. Det var Niels Trønnes



*Ole Haagenstad (1775–1866), måla av Matthias Stoltenberg, 1839.
(Foto: Wikimedia Commons).*

som var den fyrste til å sjå at uttydingi av landsnamnet *Noreg* som framvakse av eit eldre **Nordvegr* ikkje kunde vera rett; Trønnes meinte derimot at fyreleden i det norrøne *Nóregr* måtte vera ordet *nór* n ‘trongt sund’ (sjå vidare i Myrvoll 2011). På eit vis kann ein segja at Vinjes ord um den opplyste øysterdalsbonden

Trønnes vert sanna gjennom den djerve og djuptenkte sonen han fødde fram.

Ole Haagenstad

Motsetnaden til Halvor Nystu Trønnes fann Vinje i Gudbrandsdalen, på storgarden Håkåstad på Vågå. Der møtte han Ole Haagenstad (1775–1866), på dialekt «Ola Håkåstad» og hjå Vinje (i norsk-nasjonal restituert bunad) «Olaf Haakonstad».¹ Ole Haagenstad var fødd 17. oktober 1775 på Harildstad i Kvikne i Nord-Fron og var av dei gjævaste bondeættene i Gudbrandsdalen, på farssida av Sandbu–Harildstad-ætti på Vågå og Fron og på morssida av Bratt-ætti på Bjølstad i Heidalen, bae ætter som kann først attende til millomalderen og som den gongen hørde til det ein kann kalla «småadelen» (sjå Myrvoll 2020). Med nasjonalromantikken på 1800-talet kom «den norske odelsbonden» til å spela ei sentral rolla som berar av norsk nasjonalitet, og fremst millom desse odelsbøndene stod dei gudbrandsdalske «adelsættene», dei ættene som Haagenstad var av på både fars- og morssida. Det kunde med andre ord snaudt tenkjast noko meir nasjonalt enn ein bonde som Ole Haagenstad.

Haagenstad kom til Håkåstad til ein barnlaus morbror og tok ved garden etter honom i 1804. Han var stortingsmann 1814–42 med undantak av tvo periodar og er framleis den representanten frå Oppland som hev sete lengst på tinget. Han var elles forlikskommissær på Vågå gjennom mange år og konstituert lensmann i åri 1820–22. Han skal ha vore den rikaste bonden i Gudbrandsdalen; han åtte fleire gardar og ein pengeformue på yver 10 000 spesiedalar.

Fyrst og fremst var likevel Haagenstad bonde; «han regnet i grunden alle andre sysler end jordbruget for unyttige, og hensynet til bondeklassens velfærd var det øverste i al hans politik», skriv

Halvdan Koht (1931). Som var vanlegt millom bondepolitikarar i samtidi, førde Haagenstad ein utorskild sparepolitikk på alle umkverve; det galdt framfor alt å halda skattane nede. Serskilt var det løni og pensjonane åt embættsmennene som ikkje måtte aukast, men Haagenstad gjekk òg imot bygging av Slottet i Kristiania; han meinte ein i staden kunde leggja til ei høgd på Paléet. Han var dessutan ein hovudtalsmann mot den nye finanspolitikken med skipingi av Noregs Bank i 1816 og motsette seg i det lengste utviding av pengemengdi. Han la sjølv 102 speciedalar i sylvskatt i 1816 ($\approx 400\ 000$ kronor i dag). Desse innskoti vart sidan umgjorde til aksjar som gav utbyte, og då synta Haagenstad seg som ein god kapitalist: Han kjøpte upp innskoti åt andre bønder og vart til slutt sitjande med aksjar på heile 1285 speciedalar ($\approx 5,1$ millionar 2020-kronor). I 1830-åri var han endåtil skeptisk til formannskapslovene; han ottast det lokale sjølvstyret vilde gjeva embættsmennene meir makt. Med andre ord var Haagenstad ein sers konservativ, ja, beint fram reaksjonær politkar.

Eit anna serkjeen ved Haagenstad var at han tala heimemålet sitt på Stortinget og gjekk klædd i bygdebunad. Dette vart lagt merke til, og Haagenstad fekk difor høg status millom dei norskllyndte i samtidi. Snorre-umsetjaren og jarnverkseigaren Jacob Aall skildrar det soleis:

Naar han [d.e. Aall sjølv] hørte en *Ole Haagenstads* Tale, fremsat i det gamle nordiske Sprogs Tungemaal, beriget med Sprogvendinger og Sprogbøininger, som nu ikke meer findes i vort Sprogs Grammatik, og fuld av sunde, klare Begreber og overbevisende Grunde, foredragne med langsom Forsigtighed, da fløttede han sig i Tankerne hen paa de Gamles Thingvold, og hørte den lovforstandige og ordsnilde Nial's Tale, der saa ofte veiledede Althinget i dets Beslutninger, og sine Frænder og Naboer i deres Stridigheder om Lov og Ret. (Aall 1833 s. 36)

Millom dei oppglødde høyrde òg Henrik Wergeland, som gav ut ei heil bok um Ole Haagenstad: *Storthingsmanden, Gudbrandsdølen Ole Haagenstad* (1842). Wergeland kalla honom «det fortræffelige Exemplar af det norske Folks sunde, skarpsindige Fornuft, Gudbrandsdalens mest anseede Bonde, en slags vore Dages Høvding». Og meir: «Ingen er strengere konservativ med Hensyn til Grundloven end Ole Haagenstad. Ingen taaler mindre, at der røres ved den. Jeg troer, at selv dens Mangler ere ham hellige» (Wergeland 1842 s. 2, 28). I diktet «Norges Storthing» hev Wergeland dikta inn Haagenstad i den andre strofa:

Se der sidder Gudbrandsdalen
i en gammel Gubbe graa.
Naar han reiser sig i Salen,
høre alle Fylker paa.
(Wergeland 1842 s. 63)

Wergeland og Haagenstad må ha vyrdt einannan. Eit vitnemål um dette får me i det at Wergeland, etter ei fuktig natt på byen i Kristiania, då han skulde halda den seinare so vidgjetne talen sin ved avdukingi av stytta yver stortingspresident Christian Krohg (farfar til målaren) 17. mai 1833, vart leidd innum Haagenstad so han fekk lånt gudbrandsdalske vadmålsklæde av «Gubben graa». Koss Wergelands eigne klæde då såg ut, kann me berre tenkja oss.

Når me er komne so langt som til 1860 og til Vinjes innstig på Håkåstad, er det ei sak som hev kasta skuggar yver den gamle heidersmannen Haagenstad. Morbror hans, Ivar Tordsson Bjølstad (1746–1826), som hadde sete på Håkåstad fyre Ole, hadde skipa kornmagasin på Vågå i 1787 og bygt hus for magasinet på garden sin. Ole Haagenstad var sidan styrar for magasinet, men vart i 1850-åri skulda for å ha gjeve seg sjølv meir i løn enn



Håkåstad, på lag slik garden kann ha møtt Vinje i 1860. (Foto: Riksantikvaren, 1964 / Wikimedia Commons).

han hadde krav på. Saki gjekk heilt til Høgsterett, som i 1860 stadfeste ein dom på at Haagenstad hadde tileigna seg meir enn han skulde ha, og han laut betala attende 375 tunnor bygg. «[S]einare granskingar tykkjest prova at domen var for streng», skriv Olav Midttun (1920 s. 321). Kor som er; denne saki kom til å påverka Vinjes syn på Haagenstad, og dette er eit viktugt bakteppe for den skildringi Vinje gjev av Haagenstad i *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*.

Satirikar laust på Håkåstad

Vinje la vegen innum Håkåstad på ferdi si attende til Kristiania sumaren 1860, og kapitlet um «Olaf Haakonstad» er eit av dei siste i *Ferdaminni*. Vinje gjer strakst merksam på at han hev lese domen um kornmagasinet, og at han ikkje hyser høge tankar um

mannen. Han hermer or *Draumkvædet* og segjer at «Haakonstad'en ikki livde etter den gamle Folkevisa»:

Sæl er den Rike her i Verdi,
som gjever den Fatike Korn:
han tarv ikki ræddast paa Ødrum-Ferdi
for kvasse Stutehorn. (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 239)

Med andre ord: Haagenstad hadde ikkje gjeve «den Fatike Korn», men stukke det undan til seg sjølv.

Det var i hovudsak tri serdrag hjå Haagenstad som Vinje reagerte negativt på: For det fyrste den stivbeinte konservatismen hans, som gav seg utslag i m.a. gamaldags gardsstell. For det andre gjerugskapen; Haagenstad var av det slaget som berre uviljugt gav frå seg noko. For det tredje er det tydelegt at Vinje vart støytt av den blodsreinleiken som Haagenstad la slik vekt på, at ein skulde halda «blåblodet» reint ved å gifta seg innanfor ætti. Dei tvo fyrste punkti hev vore dregne fram i Vinje-litteraturen fyrr, men det tredje punktet hev snaudt kome fram, endå det kann tyda ut kvifor satiren yver Haagenstad i *Ferdaminni* måtte verta so beisk: Haagenstad motsette seg modernisering av folkeslaget òg.

Når Vinje kjem inn på gardstunet på Håkåstad, legg han strakst merke til kor gamaldags garden er driven, og kor upraktiske husi er, med sine «Svalegangar og Steinhellur og Glugg og Smog og Vedakostar» (s. 240), endå det eldste huset ikkje er stort meir enn hundrad år – her hadde ein med andre ord *vilja* byggja gamalvore.

Når Vinje kjem inn i stova, merkjer han seg at grunnlovi hekk på vegg, og gjeng ved at «Mannen dømde enno friskt og rett um mange Ting». Men då Haagenstad tek med Vinje på synfaring frå hus til hus, byrjar satiren. Haagenstad fann fram «den eine

store Lykilen etter den andre», og det gjekk «med Aalvor og Vyrndad som til Kyrkje». Her lyt eg gjeva ordet til Vinje sjølv:

Den store ubudde Gjestestova med alle sine Rum og Himling (Loft) var full med halv gamaldags Husbunad og Sængeklædi. Reint og fint var det altsaman men liksom Liklukt af det. Gangklædi fraa Ungdomen hans hingo der uppaa Himlinge [*sic*] med Skur fraa Ludvig den fjortandes Tid, slike som me sjaa paa Theatret. So gamle men knapt eldre ero desse «Nationaldragter». [...]

Derimot var alt det Flesket til Haakonstad'en «nationalt» [...]. Eg hever nok set tvo og tri Aars gamal Kjøtmat, og at dei eta dette eldste liksom Reven paa Alfstad og spara det unge, til det verdt likso gamalt. Det er Matadrygsel i dette segja dei, og sannt er det, for den største Matadrygsel vilde no vera at eta Graastein. Eg hever altso set «national» Matadrygsel, men Maken til Haakonstad'ens hever eg aldri set. Alle desse Visthus hingo fulle med Fleskeskid, som her den kløyvde halve Grisen verdt kallat, ei Haandsbreid tykke og gule og grøne i Skuren. Der skulde vera Fleskeskid fraa hans Kones Fødsel og Confirmation – ho er eit Par Aar yngre enn han – og fraa Brudlaupet deira er mange. Det er vel ikring seksti Aar sidan. [...]

Det var Puddersukker i Holkar so gamalt, at det saag ut som Fjørusand. Og der var Kalvekjøt svart som inn i Skorsteinen. Men dette kunde kanskje vera eit Tjug Aar eller so frametter; det var ikki slike vyrndadsfulle Methusalem'er som desse Fleskeskid. (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 240–242)

Det er ingen tvil um at Vinje smør tjukt på. Av det som *kann* etterprøvast, kann nemnast at kona var ti år yngre enn Haagenstad, og at brudlaupet deira stod i 1807, med andre ord for 53 år sidan i 1860.

Nett kor gamle desse fleskeskidi var, er heller ikkje det avgjerande, men sjølve det groteske i å spara på maten til det nye òg er vorte gamalt, og å samla stendigt meir av dette gamle. Interessant nok er dette med å gøyma på gamal mat og drykk eit kritisk punkt òg hjå satirikarar i antikken, Horats og Juvenal. Hjå Horats (*Satirar*; 2. bok, 3. dikt) er det t.d. tale um ein gjerugknark som gøymer fleirfaldige tusund tunnor god vin, men sjølv drikk eddik dagen lang (Horats 1863 s. 100). Hjå Juvenal, 14. satiren, les me m.a. at «for å sikra seg ein ekstra middag / gøymer han ei bønne frå sist sommar, / med litt firfisle, ein halv utskjemd fisk, / og kvar ein trevl på purren han har skore, / tel han samvitsfullt og låser ned» (Juvenal 2013 s. 160). Det vert for vågalt å rekna med direkte innverknad på Vinje, men det er i alle fall ein typologisk likskap, og Vinjes uthengjing av fleskeskidi åt Haagenstad må sjåast i ein slik satirisk tradisjon der den bilætlege yverdrivingi – *hyperbolen* – er ein sentral ingrediens, utan at samfundskritikken vert noko mindre.²

Når det gjeld jamføringi med reven på Alfstad, trengst ein kommentar: Lenger framme i *Ferdaminni* fortel Vinje um denne reven, «som var tamd og livde i Huset som ein Katt» (s. 199). Han rørde ikkje fjørkrete på garden der han budde, men tok fugl på gardane lenger burt i bygdi som han samla i ei hola. Reven passa på å leggja den nyaste fengdi inst inne og den eldste ytst ute, «so han aat den gamle ule Maten og let den nye verda gamal» (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 200). Vinje hadde det med å jamføra menneske og dyr, for soleis å få fram poengi sine, jf. Hallvard Kjelens kapittel i denne boki. «Matadrygslig» var soleis ein *menneskeleg* eigenskap hjå reven på Alfstad.

Gnikaren Haagenstad

Vinje fortel ei saga um ei enkja som trong ti dalar til å kosta skulegang for son sin og som gjekk til Haagenstad og bad um

eit lån. Haagenstad vilde berre hjelpa um ein viss Thore vilde «ganga god for det». Enkja gjekk til Thore, men han vart harm: «Nei, ganga god vil eg ikki for slike Smaating, men her skal du faa tie Daler af meg, og du bitalar, naar du fær Raad til det». Vinje kommenterer:

Det er Guds Magt, at fatike Ungmenn kunna koma ut fraa slike Bygdir og slike Folk og fram i Livet. Det gjekk heller ikki an, dersom ikki Folk med betre Hjarta og større Opplysning og Framtanke fannst imillom. Men i desse eldre Bondebygdir ero faae af slike. Det maa vera Folk, som hava vorit ute i Livet og fyrst og fremst lært og set meir. Haakonstad'en var nok ute paa Storthinget, men han lærde ikki somykit, at han kunde krabba ut or det gamle Sniglehuset. Riket maatte verda til eit Dyrerike, dersom her ikki fannst andre Slags Folk. (Djupedal 1970-73, bd. 4 s. 244-245)

Me legg merke til formuleringi at ungdomen må koma ut frå slike bygder og slike folk «*og fram i Livet*» – inkje mindre. Det er med andre ord eit livsfremjande tiltak. For husmannsguten Vinje, som var prisgjeven skynsame godunnarar, må det ha fortona seg soleis. Likeins må dei som skal hjelpa, «*hava vorit ute i Livet*» og lært og sét.

Vinje var ikkje den einaste som peika på gjerugskapen åt Haagenstad: Skulemeisteren på Vågå, Ole Hansen Skjedsvold (1807-1874), dikta ei nidvisa um Haagenstad. Eit vers av den sokalla «Haagenstad-visa» lyder:

Gir du en Betler et stykke Brød,
da er det ofte med Spott beblendet.
Du ønsker gjerne at han var død,
og rent utfeied han var af Landet.

Nei, før de Hunde
 et Stykke unde,
 end over Trængende dig miskunde,
 din Mammonist.
 (Kvaale 1975 s. 224)

Skjedsvold skal ha vore kunnig i svarteboki, og ein gong skipa han til «trollkjerringsmessa» i Vågå-kyrkja jonsoknatt for seg og nokre vener. Då passa dei på å sessa seg i kyrkjestolen åt Hååstad-folket. Svivyrdingi var fullkomi.

Innavlen i bondearistokratiet

Vinje mislika både reaksjonære haldningar og gjerugskap, men det var noko meir og djupare hjå Haagenstad som baud honom imot. For det var ikkje berre gamalt kjøt, «fleskeskid», som desse storbøndene vakta vèl um:

Liksom den eine store Garden sender Fleskeskid til den andre, so sender han ogso Gjentur. Desse store Ættirne hava desse Ting imillom seg. Men det verdt gamalt og ljott og usmakelegt altsaman. Ættirne døy ut, og um dei ikki fødast med graat Haar og Skrukkur i Panna, som det er sagt um dei gamle Adelsættir, som vilja halda Blodet reint, so saag ikki eg væne Folk af desse gamle rike Ættirne. Dei fagre gudbrandsdalske Gjentur og Gutar ero af blandat Ætt, det eg saag og hørde.
 (Djupedal 1970-73, bd. 4 s. 243)

Det Vinje peikar på her, er den utstrekke *innavlen* som gjekk fyre seg i det sjiktet av gudbrandsdalske bondeætter som Haagenstad hørde til: Ein sytte for at borni vart gifte med nokon av same ætti. I ein tale som Vinje heldt på Stavsmarknaden på Tretten

sumaren 1859 (prenta i *Dølen* 11. september s.å.) gjeng det klårare fram kva han meinte med å «halda Blodet reint»:

[H]er skal vera ein Adel i Gudbrandsdalen, og det den einaste, som finnst i Landet. Det er gildt at vera af Adel, og eg hever derfor tidt ynskt med meg, at eg ogso var det. Men det gagnar no ikki stort at vera af Adel, naar Ein ikki duger nokot sjølv. [...] Men det verste ved den gamle reine Adel er, at Slaget minskar og ugjerest. Gamle Adels-Ættir døy derfor ut, og Adelen kann verda so gamal og rein, at dei fleste sjaa ut som Bytingar. Det maa vel vera som med Korn og Jordepli, veit eg: naar Ein saar af det sama Fræt lengi paa sama Aakren elder sama Garden, so minskar Vokstren og ugjerst; men berre Ein flyter det til ein annan Gard og helst yvir Heidi til ei onnor Bygd, so livnar det upp atter og er meir vaarkjømt og haustnæmt. (Djupedal 1970–73, bd. 1 s. 186)

Atter ser me at Vinje dreg parallellar til andre livsens område, denne gongen til åkerbruket. Vinje ser – reint intuitivt – at det ikkje kunde vera godt for avkjømet å bruka det same «såkornet» um att og um att i den same ætti. «Umplanting» i ny jord er idealet åt Vinje, i åkerbruket som i mannelivet. Dette høver heilt med noko han skriv i *Ferdaminni* um at dei gardane i Trøndelag var best drivne som det sat folk på som var komne utanbygds frå:

Det var mest Folk Sunnanfjølls fraa, dei beste Jordbrukarar og duglegaste Menn her. Det var so takande paa dette, at kver maatte sjaa det. Og var der nokon Heimføding god, so var for det meste Ætti hans innflutt so og so mange Mannsaldrar sidan.

Det er gjerne likeins mange andre Stadar og, for Folk, som vide vanka og fraa Fødeheimen fara, er gjerne dei duglegaste,

imindsto er det gjerne Folk, som hava lotit læra av Livsens Lagnad og Armod. (Djupedal 1970–73, bd. 4 s. 184)

I talen sin på Stavsmarknaden i 1859 segjer Vinje meir um fylgione av både blodsreinleik og blodsblending:

Eg hever seet so væne og velvaksne Folk af denne gudbrandsdalske Adelen, at eg vonar, han ikke [*sic*] er reinare en godt gjerer; men so sjaa no ogso sume so tufsutte ut, at dei vist maa vera af den gode Adelen, som hever gift seg [i]hop inn i Ætti, alt fraa Adam var liten. Eg skulde ynskja, at Adelen, om her er nokon, maatte hava Vit til at blanda Ætti, som det heiter, om so ein og annan grøn Kvist i det gamle Tre ikki var so rik, som ynskjande kunde vera [...]. (Djupedal 1970–73, bd. 1 s. 186)

Til slutt her kjem Vinje inn på det som hev vore vanlegt å rekna som motivasjonen for å gifta seg innanfor ætti: å halda på rikdommen og den sosiale statusen. Det kann sjølvsagt ikkje avvisast, men når det gjeld nett den ættekrinsen som Ole Haagenstad hørde til, gjev ikkje det fullgod uttyding. Her kjem det inn eit anna moment, og det er den «blodsreinleiken» som Vinje er inne på i sitati ovanfor. Me skal sjå koss dette gav seg utslag reint konkret i Haagenstads næraste familie.

Å halda seg innanfor ætti og giftarmålsreglane

Reglane for kven ein kunde gifta seg med i Noreg, hev skift ein god del upp gjennom historia. I millomalderen kunde ein ikkje gifta seg med nokon som ein var nærare i ætt med enn i «sjuande led», jf. dette utdraget or *Frostatingslova* (s. 38): «Frå eit søskenpar skal det teljast seks ættleder kvar veg, og takast til ekte ved den sjuande.» Med andre ord kunde ikkje seksmenningar

gifta seg um ein skulde fylgja denne lovi. Desse strenge reglane kann ha kome av ei mistyding av koss ein skulde telja skyldskap i romarretten, og det upphavlege forbodet hev truleg golde til og med trimenningar (um ein tel på *båe* sidor av treet). Ved det fjorde laterankonsilet i 1215 vart reglane lempa på og grensa sett ved fjorde led (firemenningar).

Etter reformasjonen vart reglane lempa endå meir. Etter kyrkjeordinansen av 1539 vart grensa sett ved tredje led, d.e. trimenningar (Winge 1988 s. 14), og det inkluderte òg deim som var «i samme Leede besvogrede», som det heiter i Chr. Vs Norske Lov frå 1687 (6. bok, kap. 13); med andre ord kunde ein heller ikkje gifta seg med ein trimenning av ein tidlegare ektefelle. Ein kunde likevel få kongelegt løyve til å gifta seg i «forbodne leder»; det galdt både trimenningar og deim som var skylde i ujamne leder (andre og tredje), stundom òg syskenborn, serleg dersom dei hadde gjort seg skuldige i «legemål» fyreåt: fenge barn utan å vera gifte. På 1700-talet var det relativt lett å få løyve: Yngve Nedrebø skriv at i databasen yver ekteskapsløyve frå Bergen stift 1717–1800 gjeld mest 97 prosent av i alt 4494 løyve giftarmål i «forbodne leder» (innlegg på Digitalarkivet, 1. juli 2001). Det er likevel ein del forvitnelege regionale skilnader i kor vanlegt det var å nytta dette høvet til å gifta seg innanfor ætti. Det er serskilt nokre distrikt i den sudvestlege luten av landet – Telemark, Råbyggjelaget (indre Agder), Lista, Jæren og Dalane og Ryfylke – som merkjer seg ut med mange ekteskapsløyve, men òg Gudbrandsdalen (Fladby 1991 s. 54). Lovi sette med andre ord visse grensor og tøynde nok hugen til inngifte, men folk i visse område var meir huga på det enn andre. Um me gjeng meir detaljert til verks, ser me òg at det gjerne var visse ætter og familiar innanfor desse umrådi som praktiserte inngifte i større grad enn andre.

I 1800 vart lovi endra soleis at syskenborn – og dessutan t.d.

onkel og niese – no kunde gifta seg utan å løysa kongebrev fyrst. Dette var ein lekk i ei velmeint liberalisering, men det skulde få alvorlege konsekvensar for dei ættene som alt hadde praktisert utstrekt inngifte – no kvarv den siste skansen for retteleg *innavl*. I dei umrådi og i dei ættene der det alt på 1700-talet var relativt vanlegt med inngifte, men då stort sèt med trimenningar, ser me no, etter 1800, ein tendens til at ein i staden valde å gifta seg med syskenborn. Etter eit par ættleder førde denne praksisen so til berrsynte helseproblem. Mange ekteskap vart verande barnlause eller resulterte i mange daudfødslar, og i ekteskap som trass i alt gav born som voks opp, var mange av desse ikkje i stand til å reprodusera seg, anten dette botna i infertilitet eller at dei rett og slett ikkje var presentable på ekteskapsmarknaden – dei såg ut som «Bytingar», for å herma Vinje.

Koss såg so ekteskapspolitikken ut i Ole Haagenstads næraste familie?³ Jau, han var gift (i 1807) med syskenbarnet sitt, Kari Tordsdotter Tofte. Foreldri hans var trimenningar – dei vart gifte med kongelegt løyve i 1769, og besteforeldri hans på både fars- og morssida var likeins trimenningar (gifte med kongelegt løyve i 1732 og 1736). I alle fall eitt par av oldeforeldri hans (på Bjølstad i Heidalen) var trimenningar og fekk kongelegt løyve til å gifta seg i 1700. Dessutan: Haagenstad sytte for at dotteri Guri (1813–1864) vart gift i 1846 med Pål (Paul) Pålsson Tofte; dei var dubbelt syskenborn, med di federne deira var brør og møderne syster; dessutan var foreldri åt Pål òg syskenborn. Eit eventuelt barn i dette giftet vilde ha fenge berre tri par tippoldeforeldre, mot normalt åtte, med andre ord eit anetap på 62,5 prosent. Eg skriv «eventuelt», for det vart ikkje barn i ekteskapet millom Guri og Pål.

Um me tek utgangspunkt i morforeldri åt Haagenstad, Tord Tordsson Bjølstad (1704–1750) og Mari Ivarsdotter Kleppe (1704–1778), ser me kor systematisk denne inngiftingspolitikken

kunde vera. Dette paret hadde fire born som livde upp og vart gifte, og alle vart gifte med so nære skyldfolk at det trongst kongebrev. Borni var:

1. Guri Tordsdotter (1740–1827), gift 1764 med Ola Olsson Slette – **trimenningar** (gjenom Slette i Heidalen) – med kongebrev av 19. mai 1764.
2. Guri Tordsdotter (1745–1795), gift 1769 med Pål Tjøstolvson Harildstad – **trimenningar** (gjenom Hjelle på Dovre) – med kongebrev av 26. mai 1769.
3. Tord Tordsson (1742–1813), gift 1770 med Ragnhild Simonsdotter Tofte – **dotter av Tords syskenbarn** (gjenom Kleppe på Vågå) – med kongebrev av 15. juni 1770.
4. Ivar Tordsson (1746–1826), gift 1. gong 1777 med Kari Simonsdotter Tofte – **dotter av Ivars syskenbarn** (gjenom Kleppe) – med kongebrev av 20. desember 1776; gift 2. gong 1781 med Guri Torsteinsdotter Kleppe – **syskenborn** (gjenom Kleppe) – med kongebrev av 9. februar 1781. Det var ingi born i nokon av ekteskapi.

Alle desse giftarmåli var inngjengne fyre liberaliseringi i 1800, og me ser at normi er trimenningsgifte eller gifte i ulike leder (andre og tridje led), men berre eitt syskenbarngifte hadde vorte løyvt, det siste giftet i denne syskenflokket i 1781. Etter 1800 ser me derimot at bondearistokratiet i Gudbrandsdalen tilpassar seg dei nye reglane heller snøgt, og at syskenbarngifte vert den nye normi. Det kann illustrerast med giftarmåli i næste ættled på Bjølstad, som er familien åt kona åt Haagenstad. Verfar åt Haagenstad (som samstundes var morbror hans), Tord Tordsson på Bjølstad og Tofte (1742–1813) – han åtte bae gardane – og kona Ragnhild Simonsdotter Tofte (1753–1813) fekk i alt 11 born, men berre fire livde upp og vart gifte, alle med nære skyldfolk:

1. Tord Tordsson (1776–1843), gift 1799 med Ragnhild Pålsson dotter Tolstad – **dubbelt syskenbarn av mor åt Tord.**
2. Kari Tordsdotter (1785–1868), gift 1807 med Ole Poulsen Haagenstad frå Harildstad – **syskenborn.**
3. Mari Tordsdotter (1780–1869), gift 1808 med Pål Pålsson Harildstad – **syskenborn.**
4. Anne Tordsdotter (1793–1865), gift 1821 med Ola Olsson Slette – **syskenborn.**

Dette stadefester at syskenbarngifte hadde vorte den nye normi etter 1800, som Ole Haagenstads ekteskap var eit døme på, og som han sjølv fylgde då han tvinga gjennom at dotteri Guri skulde gifta seg med det duble syskenbarnet sitt frå Tofte.

Skuggesidone av inngiftet

Etter John Kristiansson Mæhlum (1843–1930) i Ringeby hev me eit verdfullt notat som kastar ljøs yver Ole Haagenstad og hans syn på ettereinleik. John Mæhlum var systerson åt Ola Nilsson Steig (1813–1872) som til slutt vart gift med den andre dotteri åt Haagenstad, Mari (1819–1873). Um dei vanskane som dei skulde støyta på fyre dei fekk kvarandre, skriv John Mæhlum i notatet frå 1911:

Steigin [d.e. Ola Nilsson Steig] ble etter mye strid og mange gjenvordigheter i 40-årsalderen gift med Mari Hågenstad, Vågå, datter av den bekjente stortingsmann Ole Hågenstad. Først var han i mange år hemmelig forlovet med hennes eldste søster Guri, men denne ga omsider etter for foreldrenes bestemte vilje, og lot seg vie til sitt søskenbarn, den gjerrige innskrenkede Paul Tofte på Dovre. Hun glemte nok aldri Steigin, og formodentlig var det sorgen som la henne så tidlig i graven. [...] Steigin lot seg imidlertid ikke forbløffe. Det ble det

samme oppgjør med Hågenstads yngste datter Mari. År gikk og år kom. Faderen viste den samme halsstarrighet. Ingen av hans blod skulle gifte seg utenfor slekten (den gudbrandsdalske adel). Men Mari førte kampen med like så stor fasthet og utholdenhet, og gammern måtte omsider gi etter. Ekteskapet kan dog ikke sies ble det lykkeligste. Mari var sykkelig, fikk ikke barn, og kom på eldre dage i vane med å drikke.⁴

Her er det viktugt å strika under at Ola Nilsson Steig slett ikkje var noko dåleg parti: Det gamle lendmannssætet Steig på Fron var faktisk ein større gard enn Håkåstad, og Ola vart med tidi både ordførar og forlikskommissær. John Mæhlum umtalar honom som «den mest begavete mann jeg har kjent». Det må difor vera noko i det Mæhlum skriv, at Haagenstad ikkje vilde at døtterne skulde gifta seg utanfor «den gudbrandsdalske adel», og denne adelen var attpåtil trøngt avgrensa.

Ole Haagenstad fekk smaka fylgjone av sitt eige reinleiksstrev: Då han døydde 18. april 1866, 90 år gamal, hadde han ikkje fenge eit einaste barnebarn: Båe døtterne som han hadde vakta so vèl um – Guri og Mari – vart verande barnlause, og tvo andre born vart gangande ugifte. Soleis vert Haagenstad døme på eit *genealogisk blindspor*. Dette er ikkje ei uvanleg endelykt i dei ættene det her er tale um, der inngifte stod høgt i kurs. Innavlén førde rett og slett ikkje til avleført avkjøme.

I ein artikkel um arveskiftet på Håkåstad i 1816 etter Guri Torsteinsdotter, som var gift med morbror åt Haagenstad, Ivar Tordsson,⁵ peikar ættehistorikaren Engebret Hougen på kor samanvovne dei gamle aristokratiske bondeættene i Gudbrandsdalen var; mange var soleis ervingar i dette skiftet på meir enn éin måte. Han kommenterer:

Det ser ut til at dei gamle, når dei valde kjerring for gardguten sin hell mann åt gardjenta, har hatt ei medveten avsikt

å halda ættearven oppe, ikkje reint pengemessig, men dei har drive med det ein no kallar rasehygiene. Ein må hugse på at det i den tida ikkje var slumpen hell elskhugen som rådde, det var dei gamle, det var slekta som rådde og fann den rette, han hell ho, innom same ætta hell ei jamgod ætt. Og ein kan ikkje sjå at dette sterke inngiftet millom nærskyldte har hatt nokon skadeleg verknad på folkedugleiken. (Hougen 1950 s. 39)

Det siste her – um at inngiftet ikkje fekk nokon fylgjor for «folkedugleiken» – må skrivast på kontoen for ynsketenkjing, for ein so fullfaren genealog som Engebret Hougen må ha visst betre. Likevel er det interessant at Hougen leggslik vekt på «ættearven» i ei onnor tyding enn pengar og jamvel dreg inn eit ord som «rasehygiene». Det er heilt i samsvar med Mæhlums notat um Haagenstad og peikar på eit motstand mot blodsblending i det gudbrandsdalske bondearistokratiet – som var stikk motsett av det synet Vinje hyste.

Konklusjonar

Spursmålet um Vinje gjekk for langt eller ikkje i harselasen med den gamle heidersmannen Ole Haagenstad, er i grunnen ikkje so interessant. Den råde harselasen – med liklukt av klædi, gulgrøne fleskeskid og puddersukker som såg ut som fjøresand – hadde openbert som funksjon å underhalda, samstundes som det skulde få fram det saklege poenget hans: at Haagenstad hørde ei onnor tid til og ikkje hadde det formatet som trongst for ein klok og framsynt bondepolitikar. Her var Vinje heilt i tråd med det klassiske idealet frå Horats um på same tid å underhalda og undervisa. Serskilt relevant som jamføringsgrunnlag er Horats' og Juvenals satirar, der det nettupp var eit poeng å hengja ut aristokratiet med bruk av nokso grovkorna humor.

I denne avvisingi av Haagenstad er det lett å peika på at Vinje måtte mislika bakstrevet og sparepolitikken hans, men det hev



Frå gravølet etter Ole Haagenstad på Håkåstad i 1866. Nr. 2 frå vinstre er enkja Kari; mannen i midten er Paul Haagenstad, brorson til Ole og systerson til Kari og samstundes verson deira; kona bortanfor honom er Mari Tofte, mor hans og syster til Kari. (Foto utlånt frå Håkåstad / Vågå historielag).

ikkje vore fanga upp fyrr at det var ein annan, heilt sentral komponent i kritikken åt Vinje: Haagenstad var ein representant for ein serskild gudbrandsdalsk «bondeadel» som såg på seg sjølve som hovne yver alle andre og som difor ikkje vilde blanda blod med folk utanfor ætti. Vinje fær fram det mekaniske i dette når han skriv at «[l]iksom den eine store Garden sender Fleskeskid til den andre, so sender han ogso Gjentur». Vinje såg at slikt inngifte ikkje var ein farande veg. Ikkje berre var det sosialt bakstrev, men folkeslaget «minkar og ugjerest» – eller sagt med eit framandord: Det degenererer. «Adelen kann verda so gamal og rein, at dei fleste sjaa ut som Bytingar», skriv Vinje. Idealet hans var blodsblending, i analogi med godt åkerbruk («som med Korn og Jordepli»): Ved umplanting i ny jord kunde frøet avla friskt og sterkt avkjøme.

For å oppsummera: Vinje forventa at storbøndene skulde taka *førarskapen* i opplysning og modernisering. Han vilde at dei skulde *hjelpa fram* gåverike bygdeborn, so dei kunde få seg utdanning og koma seg upp og fram. Han ynskte seg i det heile ein større sosial *mobilitet*, der kvar fekk etter fortienesta, og der ein fekk utnytta det emnet som fanst i folket. Og endeleg: Vinje vilde *blodsblending*, for at folket skulde verta sunt og sterkt og tiltaksamt. Det segjer seg sjølv at Vinje med eit slikt grunnsyn måtte verta vonbroten og beint fram fylt av avsmak i møtet med Ole Haagenstad, som representerte ei heilt onnor og attendesko-dande haldning. At Vinje meinte ålvor, fær me ei stadfesting på i *Dølen* 3. juni 1866, stutt tid etter at Ole Haagenstad var avliden, der Vinje svarar på ein kritikk han hev fenge for det han skreiv i *Ferdaminni*, i det danske *Illustreret Tidende*:

Vi ero komne ut over det Standpunct i vaar politiske Utbildning, daa vi kvad Visor om slike Odelsbønder berre for det at dei vaaro Bønder og inkje annat. Vi ynskja altid Odelsbønder paa Storthinget, men vi krevja at dei skulle vera uplyste og hava Sans for Uplysning og framfyr alt at dei skulle vera rettvise. Vi krevja at dei skulle, som det heiter, fylgja med si Tid og hava politisk Visdom. Gjera dei dette, so ero dei vaart naturlege Stormannskap; men ero dei uvitande og trongsynte eller bornerte, so ero dei til all Lykke magtlause; for her er no so stor Uplysning i By og Bygd, at ingen annan i Lengdi fær politisk Magt en den, som har Rett til at faa den. Bonden lyt eiga eit Tankens Odelsgods attaa Garden sin, skal han no med full Rett møta fram paa Thinget. (*Dølen*, 3. juni 1866; Djupedal 1970–73, bd. 2 s. 244)

«Til all Lykke» er lykelord her: Det var ingi framtid meir for bakstrevarar. Storbønder som ikkje var i stand til å hjelpa fram det nye, måtte standa maktlause att.

Notar

- 1 Upplysningane um Ole Haagenstad er henta frå Halvdan Kohts artikkel um honom i *Norsk biografisk leksikon* (Koht 1931), forutan artiklar av Einar Hovdhaugen (1986) og Tore Pryser (2016).
- 2 Me veit at Vinje las både Horats og Juvenal (sjå Skard 1938, registret). I artikkelen «Brandpoesi» (i *Dølen*, 16. september 1866), Vinjes forsvar for den kritiske meldingi han hadde skrive av Ibsens *Brand*, nemner han Juvenal i negative vendingar, som eit undantak til regelen um at ingen «i Sanning stor Mann var ein Brandmann i Livets store Spursmaal»; her umtalar han Juvenals satirar som «Surbrygg» (Djupe-dal 1970–73, bd. 2 s. 293). Det er no elles typisk for Vinje at han stendigt skifte meining: Um han hadde fylgt Juvenals oppskrift i satiren yver Haagenstad nokre år fyrr, kunde han no finna det opportunt å slå Juvenal i hartkorn med den «Brandpoesien» han ikkje lika.
- 3 Kjelda for ætteupplýsningane som fylgjer, er for det meste Engebret Hougens *Ættesoge for Gudbrandsdalen* i tri band (1953–74). Sjå elles Myrvoll 2020 for ein fyllug bibliografi for desse ættene.
- 4 Takk til Gudmund Harildstad for å ha formidla dette notatet. Det er no òg publisert under yverskrifti «Om brennevin og katolske kvinnfolk» på heimesida åt Fron historielag (2018).
- 5 Hougén (1950 s. 24) kallar den avlidne «Lucie» Torsteinsdotter, men ho heitte visseleg *Guri*, som ein kann sjå av kyrkjeboki for Vågå, både dåpsinnførsla i 1746 (fødd på Håkåstad), giftarmålet i 1781 og gravleggjing i 1816. Feilen kjem av at den som hev skrive ut regesten av skiftet til skifte kortsamlingi åt Statsarkivet på Hamar, hev lese rangt i skifteprotokollen, «Lucie» for «Gurie», som det heilt klårt stend. Sidan hev dette vorte retta på skifte kortet.

Litteratur

- Djupedal, R. (utg.). (1970–73). Aasmund Olavsson Vinje. *Dølen. Eit Vikublad*. (Bd. I–IV). Oslo: Noregs Boklag.
- Fladby, R. (1991). *Thy byde og befale vi. Riksstyrets norske korrespondanse under Christian 5 1670–1699*. Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt.
- Fron historielag. (2018). «Om brennevin og katolske kvinnfolk». Tilgjengeleg frå: <https://fronhistorielag.com/2018/11/27/om-brennevin-katolske-kvinnfolk-og-gudbrandsdalsk-adel/> (Henta 26. februar 2020).
- Frostatingslova. (1994). Omsett av Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Horats. (1863). *Satirer og epoder*. Oversatte og oplyste af L. Ove Kjær. Kjøbenhavn: Den Gyldendalske Boghandling.
- Hougen, E. (1950). «Arv og ætt. Eit arveskifte på Vågå i 1816». I: *Årbok for Gudbrandsdalen 1950*. 24–39.
- Hougen, E. (1953–74). *Ættesoge for Gudbrandsdalen* (I–III). Otta: Dølaringen – Gudbrandsdal historielag.
- Hovdhaugen, E. (1986). «Tingmannen Ole Haagenstad». I: *Årbok for Gudbrandsdalen* 54. 102–110.
- Juvenal. (2013). *Satirar*. Utval, gjendikting og kommentar ved Torgeir Bygstad. Oslo: Samlaget.
- Koht, H. (1931). Ole Haagenstad. I: Edv. Bull & Einar Jensen (red.). *Norsk biografisk leksikon* 5 (147–151). Oslo: H. Aschehoug & co (W. Nygaard).
- Kvaale, O. T. (1975). *Gamalt frå Lom. Folk og fylgje tå alle slag*. Otta: Lom heimbygdslag.
- Midttun, O. (1920). A. O. Vinje. *Skrifter i Samling*. IV. *Ferdaminni, Fjollstaven min, Elsk og Giftarmaal*. Kristiania: Cappelen.
- Midttun, O. (1966). «Aasmund Vinje i lag med glåmdøler». *Årbok for Glåmdalen* 25. 11–29.

- Myrvoll, K. J. (2011). «Skaldemetrikk som kjelda til etymologi og ljodleg vokster av norske namn» I: Ole-Jørgen Johannessen & Tom Schmidt (red.). *Etymologiens plass i navneforskningen. Rapport fra NORNAs 39. symposium i Halden 11.–13. mai 2010*. (NORNA-rapporter 87.) NORNA-förlaget. 105–118.
- Myrvoll, K. J. (2020). «Ivar Kleiven og ættegranskingane hans». I: Gudmund Harildstad og Kristoffer Kruken (red.). Ivar Kleiven. *I gamle Daagaa. Forteljing og Bygda-Minne fraa Vaagaa*. Oslo: Novus forlag. 341–358.
- Pryser, T. (2016). «Ole P. Haagenstad – klanshøvding og politiskar». I: *Årbok for Gudbrandsdalen* 84. 82–94.
- Skard, S. (1938). *A. O. Vinje og antikken. Studier i norsk åndshistorie*. Oslo: Jacob Dybwad.
- Vesaas, O. (2001). *A.O. Vinje. Ein tankens hermann*. Oslo: Cappelen.
- Vislie, V. (1929). *Åsmund Vinje. Liv og diktning*. Oslo: Olaf Norlis forlag.
- Wergeland, H. (1842). *Storthingsmanden, Gudbrandsdølen Ole Haagenstad*. Kristiania: W. J. Sollmanns Forlag.
- Winge, H. (red.) (1988). *Lover og forordninger 1537–1605. Norsk lovstoff i sammendrag*. Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt.
- Aall, J. (1833). «Nogle Ord om Dagens Tone». I: *Nutid og Fortid. Et Hæfteskrift*. Bd. 1, 3. hefte. Arendal.